

ORDENSREGLAR OG BRANNINSTRUKS FOR HJELMELANDSHALLEN

ORDENSREGLAR

- Leigetakar skal sjå til at inventar og utstyr står i same orden som då lokala vart tekne i bruk.
- Sjå at alle ytterdører er låste før du går, samt at alle skap er låste og utstyr er lagt på plass.
- Alt papir skal i søppelkorgar og alle flaskar skal takast med.
- Golvet skal feiast med tørr mopp, desse moppene står på kjøkkenet.
- Garderobane skal vera i minst like god stand når du forlet dei som når du kom.
- Gjengløynde klede heng ein på knaggane i garderobane.
- Husk at det er berre tillate å bruke sko som ikkje set merke
- Du har mynde til å bortvise personar som ikkje kan retta seg etter "normal folkeskikk".
- Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret i kommunen – 51 75 00 00..

BRANNINSTRUKS

- **Ansvarleg leigetakar må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokala. Det er plansjar som viser rømmingsvegar og sløkkeutstyr fleire stader i hallen. Ansvarleg leigetakar skal setja seg inn i desse.**
- Det er eigne oppslag som viser korleis treningsutstyr skal lagrast etter bruk. Dette for å sikra at rømmingsvegar ikkje er blokkerte.
- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkel til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Brann vert varsla ved støytvis ringing/brannalarm.
- Ring 110 for å melde frå til brannvesen
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har 1. prioritet.
- Om du oppdagar brann utan at alarmen har gått: Evakuer alle ut næraste utgang. Trykk på alarmknapp og ring brannvesenet på 110.
- Møt opp på parkeringsplassen framfor bygget og meld deg for brannvernsleiar, ansvarleg leigetakar eller eventuelt andre som har ansvar for oppteljing.

SKADEINSTRUKS

- Fyrstehjelpsskrin ligg i «Sekretariat- rommet» i hallen.
- Dei som nyttar seg av fyrstehjelpsskrinet skal etterfylle slik at skrinet til ei kvar tid er i best mogleg stand.
- Legevakttelefon Hjelmeland: 116 117. Medisinsk nødnummer: 113.